

– Stor rekrytterar av gardkoner

AURLAND: – Det er mange gardkoner i Aurland som har gått på SJH, seier Gøril Tveiten Lie.

Ho er leiar i Aurland bondelag som no engasjerer seg offensivt i kampen for å behalda økoskulen. Lien trekkjer fram at skulen er ein stor ressurs på mange felt.

– Me jobbar breitt ut frå to perspektiv, seier Tveiten Lie.

Viktig lokalt

Ho trekkjer fram at skulen har vore, og er, viktig når det handlar om å skaffa slåtthjelp, avløysarhjelp og i å hjelpe eldre med hagestell.

– Sogn Jord- og Hagebruksskule er det einast vidaregåande skuletilbodet i Aurland. Det betyr at dei fleste ungdomane må reisa ut for å ta utdanning. Jordbrukskule sørger for at me får fleire ungdomar til å bli verande i bygda. Den ressursen desse er får me ikkje nytta her, seier Lien, og legg til: – Det er heller ikkje å koma frå at SJH har sørgd for mange bondekonser i Aurland. Det er berre å ta ein sveip rundt om i bygdene så ser ein det, seier Tveiten Lie.

Viktig nasjonalt

Ho viser vidare til verdien skulen har nasjonalt.

– Eg trur me også kan leggja til internasjonalt. SJH er den einaste skulen i landet som gjev komplett økologisk utdanning. I ei verd med stadig fleire folk og med store klimautfordringar, blir det ikkje lettare å produsera mat. Difor treng me fleire bønder, og fleire bønder med fagutdanning innan økologisk drift. Me treng SJH, og me treng ein debatt om korleis landbruk me skal ha framover, seier Lien, og viser til ein rapport frå FN om at pendelen må snuast inn mot småskala landbruk.

Opprop

No går ho i spissen for eit opprop ho håpar å få brei støtte for i eigen organisasjon.

– Det handlar ikkje berre om agronomi. Økoskulen er så mykje meir. Det handlar om ressursenteret og all kursverksemna, det handlar om oppblomstringa av småkalaprodusentar med utspring frå et økologiske miljøet på skulen. Produkta vinn stadig prisar for kvalitetten. Dette må alle kjempa for å behalda og utvikla, seier Tveiten Lie, og legg ikkje skjul på at ho nærer ei viss frykt for kva som vil skeje med skulen framover.

– Det er skummelt at det kan bli tommelen ned. Det er nok rett at ein kan flytte på undervisning eller kursverksemnd til andre stader rundt om i landet. Men poenget her er at i Aurland finst nå eit heilt unikt miljø som er direkte knytt til Sogn Jord- og Hagebruksskule. Skulen ville ikkje vore så bra utan kursmiljøet, og kursverksemna ville ikkje fungert så godt utan jordbrukskulen. Dette spesielle miljøet er for viktig og spennande til å leggjast ned, tvert imot bør det få hjelpt til å utvikle seg vidare. Kven skal då driva ein so viktig skulen, seier Tveiten Lie.



KJEMPAR FOR ØKOSKULEN: Fv: Seniørrådgjevar Aurland kommune Haakon Skjerdal, Olav J. Ellingsen og Jon Skjerdal frå venforeininga

– Må tora å slå os

■ ■ ■ Står opp for økoskulen

AURLAND: – Det er for lite stoltheit rundt kva me faktisk har. Me er fremst i landet på økologisk landbruk. Det må me tora å fronta og satsa på, seier Jon Skjerdal.

Han har teke familien med seg og flytta heim til barnomsrenda i Aurland. No går han i spissen for ein ny veneforeining som står opp for Sogn Jord- og hagebruksskule, den einaste økologiske utdanningsinstitusjonen i landet.

– Mange burde slå eit slag for dette skulemiljøet, seier Skjerdal.

Venforeining

No startar sjefen for Nattjazz i Bergen, saman med andre

■ ■ ■ Venforeining

eldsjeler opp ein veneforeining for skulen, og ønskjer å trykkja på knappar som det før ikkje er trykt på i arbeidet med å sikra det fremste miljøet på økologisk utdanning i landet. Då handlar det om positiv informasjon, få

fortalt kor viktig miljøet er for Aurland, for Sogn og Fjordane, for landet.

– Fylkeskommune og kommunen sitt engasjement har vore viktig. Fylkeskommunen har verna om skulen i all fortid, me vil visa kva

dette faktisk har betydd, seier Skjerdal.

Øko-bølgje

Gode døme hentar han frå miljøet han har jobba i ei årrekke.

– Eg er festivalmann. Ein

– Ikkje skulen verdig

LEIKANGER: Fylkesordførar Åshild Kjelsnes håpar det kan koma ei rask SJH-avklaring.

– Det går ikkje an verken for skulen eller dei tilsette å leva lenger med slik framtidssvisse, seier Kjelsnes.

Ho viser til at fylkeskommunen har nær kontakt med kommunen i saka og at ein no

avventar arbeidet kommunen har på gang med å kartlegga mogelegeheitsrommet.

– Me har også sagt noko om skulen tekstleg i finansdokumenta våre. No må me finna ut kva utfordringane me har for å gjera skulen tidsriktig på alle område, og så jobba vidare med kommunen og andre aktørar for å finna ei god løysing.

– Men det ligg ikkje midlar i budsjettet?

– Nei, ikkje konkret, seier

Kjelsnes, men forklarar at midlane framleis ligg der som ei føring.

Når det gjeld den vidare saksgangen, seier fylkesordføraren følgjande: – Det vil koma ei sak som på vanleg måte vil starta i hovudutvallet. Tidslinja kan eg ikkje uttale meg om no.



for Sogn Jord- og Hagebrukskule, leiar i Aurland Bondelag Gøril Tveiten Lie, og ordførar Nortalv Distad.
(Foto: Margunn Tolleshaug)

ss på brystet

Avgjerande månader

av trendane på hippe festivalar er at det berre blir servert økologisk dyrka mat. Eit økologisk berekraftig jordbruk er ein pakke Festival-Noreg vil vera ein del av. Og kvar finn me den einaste skulen som utdannar nye bønder

i denne retninga. Det er i Aurland, i Sogn og Fjordane. Difor er det utruleg viktig at dei som bur i fylket slår seg på brystet og er stolte over dette. Alt snakket om trivselsfylke er berre tull om ein ikkje vil vera bidragsytar

til eit berekraftig samfunn. Økoskulen er berekraft heilt ned i grunnmuren. Det er eit samfunnsansvar å ta vare på eit slikt miljø, seier Skjerdal.

Kai Martin Brekke
kai.martin.brekke@sognavis.no

Tek skulen til ny regjering

AURLAND: Ordførar Nortalv Distad vil ta framtida til SJH opp med den nye regjeringa.

Målet er å få på plass dei 20 utbyggings-millionane som den raud-grøne regjeringa ikkje ville bidra med.

Men først skal ei vurdering av Sogn Jord- og Hagebrukskule opp mot

kompetanseverdi og næringseffekt utarbeidast. Den jobben er lyft ut på anbod og ordføraren kunne på fredag signera kontrakt med Aurland naturverkstad. Dei er allereie i gang med sitt arbeid, og dokumentasjonen skal vera sentral i det vidare arbeidet.

– Målet mitt er at skulen skal overleva på grunn av kvaliteten og kompetansen skulen har. Me skal visa alle kva ressurs Sogn Jord- og


Hagebrukskule er. Skulen har eit unikt tilbod som er viktig for kommunen, fylket, og heile landet, seier Distad. Og sender ei utspring til fylkespolitikarane.

– Prosessen må gå på denne sida av jul, med det som mål å finna positive avklaringar, seier Distad, som forventar at fylket står ved det tidlegare lovnaden om å bidra med 30 millionar til prosjektet.

SOGNDAL

28. RUNDE TIPPELIGAEN:
Sogndal - Sandnes Ulf
Fosshaugane Campus
Søndag 27. okt. kl. 18.00

GESTB



Ta turen til Fosshaugane og skap god kampstemning for laget!

Billettprisar

SOGNEKRAFTTRIBUNA:

Sognekraft Øvre og Nedre:	300,-
Jentelosjen:	150,-
Honnør:	150,-

LINESTRIBUNA:

Saftkokarar:	150,-
--------------	-------

FYLKESTRIBUNA/FAMILIETRIBUNA:

Ordinær:	250,-
Student/ungdom:	150,-
Born:	100,-
Familiepakkar (3 stk eller fleire) pr stk.	100,-

Bestilling familiepakkar:

Send kodeord FAMILIE til 2229 etterfølgd av ditt navn og tai billettar. Bilettane vil ligge klar til avhenting i billettluka på kampdag. Uvhenta billettar blir lagt ut for sal kl. 17.30.

Førehandsal av billettar:

Statoil Sogndal og sogndalfotball.no

SparebankenVest

Sognekraft

Lorum

UMBRO

NORSK TIPPING

Canal Digital